



KYSTVERKET

Hareid kommune  
Rådhusplassen 5  
6090 Hareid

Vår ref  
2021/10331-9

Arkiv nr

Sakshandsamar  
Tormod Hjørungnes Engen

Dato  
20/01/2022

## Fråsegn til offentleg ettersyn av Interkommunal kystsoneplan for Ytre Søre Sunnmøre - Møre og Romsdal fylke

Kystverket syner til sendingane fra dei fem ulike kommunane i perioden 26.11.2021 til 08.12.2021 i høve høyring og offentleg ettersyn av Interkommunal kystsoneplan for Ytre Søre Sunnmøre. Vi viser også til våre fråsegn til varsel om oppstart og høyring av planprogram for planarbeidet.

Målet med den interkommunale kystsoneplanen er å fastlegge framtidig arealbruk i eit langsiktig perspektiv med tilhøyrande reglar og retningslinjer. Planen skal gje hovudtrekka for sjøareaala si utnytting, irekna vern og kva for omsyn som må ivaretakast gjennom disponeringa av det samla sjøarealet på Søre Sunnmøre.

### Grunnlaget for Kystverket sitt engasjement i planarbeidet

Kystverket er ein nasjonal etat for kystforvaltning, sjøsikring og beredskap mot akutt forureining. Vi tek ansvar for sjøvegen og produserer viktige fellesgode for samfunnet. Det overordna målet for den nasjonale transportpolitikken er eit transportsystem som er sikkert, fremjar verdiskaping og bidreg til omstilling til lavutsleppsamfunnet.


Kystverket har fått i oppdrag å bidra til utvikling av eit heilskapleg transportsystem. Eit velfungerande sjøtransportssystem med farleier, hamner og hamneterminalar er særsviktig for næringsutviklinga langs kysten, for at norske bedrifter kan inngå i større handels- og produksjonsnettverk og for at personar skal kunne reise mellom heim og arbeidsstad.

Kystverket har rettleiing og informasjon om vår rolle i arealplanlegginga på våre nettsider. Her finn ein og styrande dokument som ligg til grunn for vår medverknad i planlegging etter plan- og bygningslova.

Sentral postadresse: Kystverket, postboks 1502,  
6025 ÅLESUND

Telefon: 07847  
E-post: [post@kystverket.no](mailto:post@kystverket.no)  
Internett: <https://kystverket.no>

Org.Nr.: 874783242  
Bankgiro: 7694 05 06766



## Kystverket sine vurderingar av planframlegget

Kystverket finn nokre moment ved planen som vedkjem Kystverket sine sektoromsyn og som vi ynskjer å kommentere og gje faglege råd til. I stikkordform er dei som følgjande:

- Framstilling av planen med feltkodar og arealbruksnemningar
- Retting i føreseggnene kap 1.5 «Ferdsel og farlei»
- Retting i føreseggnene kap 2.4 Hamneområde i sjø (6220 (VHS))
- Føresegner og retningsliner kap 4.1 Omsynssone og andre sikringssoner (H190)
- Arealbruksformål akvakultur (VA)
- Nasjonal Transportplan og farleitiltak i Ulstein og Herøy kommune

Nærare utgreiing følgjer under

### Framstilling av planen med feltkodar og arealbruksnemningar

Litt vanskeleg å finne ut kva dei ulike arealbruksformåla og plansymbola på kartet tyder. Saknar eit oversyn eller tabell i planomtalen som uttømmande og systematisk listar opp alle arealbrukskategoriar, omsynssoner og andre juridiske flater, linjer og punkt som er nytta på plankartet og som forklarer kva føremål dei skal tene.

Døme:

Omsynssone andre sikringssone H190 rundt farleiene i Ulstein og Herøy er ikkje forklart korkje i føreseggnene/retningslinene eller i dei andre plandokumenta. Kva er intensjonen med denne sikringssona ?

I tillegg er sikringssona rundt leiene i Ulstein vist på kartet med identitet H190\_200 medan sona i Herøy har H190\_300. Er der noko som skil dei, anna enn geografi ? Desse identitetane bør ikkje vere vist på kartet med mindre dei refererer til ein eigenskap som ein finn att i føresegner, planomtale eller andre tilhøyrande plandokument. Alle nemningar og feltkodar for arealbruksføremål som er vist på kartet og referert i føresegner og plandokument må og vere heilt identiske for ikkje å skape forvirring.

### Retting i føreseggnene kapittel 1.5 «Ferdsel og farlei»

Det skal ikkje gjevast løyve til tiltak (hamne- og farvasslova §27), inngrep eller bruk som kan vere til hinder og påverke sikkerheita for sjøvegs ferdsel langs kartlagt hovudlei, bilei eller lokallei.

All aktivitet og tiltak innanfor farlei og statlege fiskerihamner skal avklarast med Kystverket. Kommunane kan fastsette fartsforskrifter i hovud- og bileier, og lokal forskrift skal vurderast og godkjennast av Kystverket før den kan tre i kraft.

Tiltaksparagrafen i hamne- farvasslova må endrast frå § 27 til § 14. Revidert hamne- og farvasslov med ny tiltaksparagraf trådde i kraft i 2020 og samstundes vart Kystverket sitt ansvar for forvaltninga av fiskerihamnene teke bort. Rår til at ny ordlyd i retningslina (?) vert som følgjande:

«All aktivitet og tiltak innanfor statleg forvalningsområde (farlei) i farvatnet skal avklarast med Kystverket. Kommunane kan for sitt sjøområde fastsette lokale fartsforskrifter som skal godkjennast av Kystverket.»

## Retting i føreseggnene kapittel 2.4 Hamneområde i sjø (6220) (VHS)

I hamneområde i sjø (6220) kan kommunane lage egne bestemmelser for kommunale hamner, jf. Hamne- og farvasslova § 3, bokstav f.

Paragraf 3 er frå førre utgåve av hamne- og farvasslova og må takast vekk. Rår til at ny ordlyd i føresegna vert som følgjande:

«I hamneområde i sjø (6220) kan kommunane lage eigne bestemmelser for hamner som ligg i kommunen sitt sjøområde jf. hamne- og farvasslova § 9»

## Føresegner og retningsliner kap 4.1 Omsynssone og andre sikringssoner (H190)

I Ulstein og Herøy er dei viktigaste farleiene markert med sikringssone (H190). Det er ynskjeleg med ei retningsline eller føresegn som forklarer føremålet med sona.

### Arealbruksformål akvakultur VA


Vi synest einbruksformål akvakultur (sosi 6400) VA ikkje er formålstenleg framstilt på plankart og i føresegner/retningsliner.

Det har i ulike sjøområdeplanar generelt vore praksis at einbruksformålet akvakultur har vist grensa for utstrekning av akvakulturanlegga sin overflatedel, dvs merdar og flåte, medan tilgrensande sjøareal gjerne har vore fleirbruksområde i ulike kombinasjonar med føresegner som gjer det mogleg med anleggsfortøyinger. I desse planane er akvakulturarealet avklåra i forhold til alle interesser også til ferdsla i farvatnet og Kystverket sine omsyn.

Dette er ikkje gjort i planen for Ytre Søre Sunnmøre der dei nye lokalitetane er høveleg godt konsekvensutgreidd for dei fleste omsyn og interesser utanom ferdsle, noko som føreseggnene og retningslinene avspeglar. Dei signaliserer at akvakulturarealet skal inkludere forbodssone for fiske og ferdsle. Lokalitetane i Hareid kommune har i tillegg fått ei rekke relativt dårleg formulerte og uklåre føresegner som avgrensar utnyttinga av arealet til akvakultur. Mellom anna vert omsynet til farlei og kvit sektor gitt fortrinn framføre akvakultur.

Då planen legg opp til at ferdsla har rang framføre akvakultur i einbruksarealet akvakultur sosi 6400 V, reiser ikkje Kystverket motsegn til dei lokalitetane der dette arealet ligg inn i kvit sektor.


Vi meiner likevel at planen gir ei missvisande framstilling på kva næringa kan forvente seg å få løyve til på desse akvakulturarealet. Sjølv om det ikkje er naudsint rår vil til at plankart og føresegner vert justert i forhold kva som reelt er mogleg å etablere. Kartutsnitta under viser kva grense Kystverket set for overflatedelen av akvakulturanlegg mot kvitsektor og ferdsle på dei aktuelle lokalitetane.




For lokaliteten mellom Søre og Nørde Neset i Hareid set vi grense for anlegg nærmere enn 50 meter fra kvit sektor frå Eika fyrlykt



For lokaliteten i Attavika i Hareid kommune set vi grense for anlegg nærmere enn 20 meter frå kvit sektor frå Flørauden fyrlykt



For lokaliteten ved Laupen i Sande og Herøy kommune set vi grense for anlegg nærmere enn 50 meter frå kvit sektor frå Yksnøy fyrlykt



For lokaliteten ved Storholmen i Sande kommune set vi grense for anlegg nærmere enn 20 meter fra kvit sektor fra henholdsvis Agnskjær og Haugsholmen fyrlykt




For lokaliteten i Syvdsfjorden i Vanylven kommune set vi grense for anlegg på 50 meter fra kvit sektor fra Syvdefjorden fyrlykt.

#### Nasjonal Transportplan og farleitiltak i Ulstein og Herøy kommune

Nasjonal transportplan 2022-2033 legg til rette for ein vidare utvikling av sjøtransporten. Kystverket skal halde fram arbeidet med å lukke vedlikehaldsetterslepet på navigasjonsinstallasjonar, samt gjennomføre større og mindre farvasstiltak som vil bidra til betra sikring på sjøen og framkome for sjøtransporten.

I Herøy og Ulstein ligg det inne planar i NTP for omlegging og utbetring av hovudleia mellom Røyrasundet og Svædet. Med ei kostnadsramme på 117 millionar er det venta gjennomføring av tiltaket i 2024/25. På plankartet er den delen av farleitiltaket som omfattar ny farleitrass (Skinnabrokke) vist med raudt linjesymbol for «framtidig farlei». Farleitiltaket har likevel større omfang og vi føreslår at tiltaket ytterlegare vert forankra i kystsoneplanen ved at planområda for tiltaket sine detaljreguleringar vert vist i kartet merka med # for krav om godkjent reguleringsplan, jf. føresegnene kap 1.10 Plankrav.

Planområda er vist med gul farge på kartskissa under.



## Oppsummering

I det store og heile synest planen å gje ein god gjennomgang, oppdatering, verdisetting, prioritering og framstilling av dei ulike interessene for bruk og vern av sjøområda på Ytre Søre Sunnmøre. For Kystverket er det viktig å sikre trygt og framkomeleg farvatn som eit samfunnsgode og vi syner til våre faglege råd og innspel i dette brevet og ber om at desse vert teke omsyn til det vidare arbeidet med planen.

Med helsing

Jan Morten Hansen  
avdelingsleiar

# Tormod Hjørungnes Engen rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

**Eksterne kopimottakere:**

Fiskeridirektoratet  
Statsforvalteren i Møre og Romsdal  
Møre og Romsdal fylkeskommune

Postboks 185 Sentrum  
Postboks 2520  
Postboks 2500

5804 BERGEN  
6404 MOLDE  
6404 MOLDE

**Likelydende brev sendt til:**

Hareid kommune  
Ulstein kommune  
Herøy kommune  
Sande kommune  
Vanylven kommune

Rådhusplassen 5  
Postboks 143  
Postboks 274  
Rønnebergplassen 17  
Rådhusvegen 1

6090  
6067  
6099  
6084  
6143

Hareid  
ULSTEINVIK  
FOSNAVÅG  
LARSNES  
FISKÅ